

FINANSREGLEMENT

Voss herad

Utarbeidd av: <i>Strategi og styring</i>	Utarbeidd dato: 04.01.2022	Sist revidert: 04.01.2022
Godkjend av: Voss heradsstyre	Godkjent dato:	Neste revisjon:



Voss herad

1	Generelt.....	2
1.1	Føremål.....	2
1.2	Heimel.....	2
1.3	Kven reglementet gjeld for.....	2
1.4	Gyldigheit.....	2
1.5	Rammer og omfang.....	2
1.6	Definisjonar.....	3
1.7	Etiske retningslinjer.....	3
1.8	Ansvar og mynde.....	3
2	Risiko.....	3
2.1	Finansiell risiko og risikovurdering.....	3
2.2	Definisjon finansiell risiko.....	3
3	Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål.....	4
3.1	Definisjon.....	4
3.2	Rammer.....	4
3.3	Målsetting.....	4
3.4	Porteføljesamansetning.....	5
4	Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.....	6
4.1	Definisjon.....	6
4.2	Målsetting.....	6
4.3	Porteføljesamansetning.....	6
4.4	Investeringsstrategi.....	7
4.5	Forvaltning av Granvin Bygdeutviklingsfond:.....	7
5	Forvaltning av kommunen si gjeld og andre finansieringsavtalar.....	8
5.1	Definisjon.....	8
5.2	Rammer.....	8
5.3	Målsetting.....	8
5.4	Porteføljesamansetning.....	8
5.5	Rentebinding.....	8
5.6	Storleik på enkeltlån og refinansieringsrisiko.....	9
6	Rapportering.....	9
6.1	Omfang.....	9
6.2	Stresstest.....	9
7	Avvik.....	9
8	Fullmakt og delegering.....	10
8.1	Låneopptak og forvaltning av låneportefølje.....	10
8.2	Plassering av ledig likviditet.....	10
8.3	Plassering av langsiktig finansiell aktiva.....	10

1 Generelt

1.1 Føremål

Kommunen sitt finansreglement skal gje rammer og retningslinjer for kommunen si samla finansforvaltning, med målsettingar, risikoavgrensingar, strategiar, fullmakter og rapportering. Desse retningslinjene skal sikra at kommunen har:

- Likviditet til å dekkja løpande pliktar
- God avkastning på kommunen sine plasseringar av likvide midlar
- God avkastning på kommunen sine langsiktige finansielle aktiva
- Stabile og låge finanskostnadar på låneportefølja

1.2 Heimel

Finansreglementet er utarbeidd med heimel i [Kommunelova](#) §14-2, og [Forskrift](#) om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner.

Kommunelova gjev føringar om at kommunen «skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall».

1.3 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Voss herad. Reglementet gjeld også for kommunale føretak etter kommunelova § 9.

I den grad eit kommunalt føretak har eiga finansforvaltning, skal denne utøvast i tråd med dette finansreglementet.

1.4 Gyldigheit

Reglementet trer i kraft frå og med 1. januar 2022. Finansreglementet skal vedtakast minst éin gong i kvar heradsstyreperiode. Dersom det er naudsynt for å unngå vesentleg finansiell risiko, til dømes for å sikra at løpande betalingsplikter vert innfridd, skal heradsstyre sjølve gjera endringar i finansreglementet, jamføre Kommunelova § 14-13, 2. ledd.

1.5 Rammer og omfang

Finansreglementet omfattar kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (gjeld) og går konkret inn på:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar for driftsføremål, altså midlar som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet
- Forvaltning av langsiktige finansielle plasseringar, altså midlar som skal forvaltast med ein lang tidshorisont
- Forvaltning av gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar

Kommunen si finansforvaltning skal drivast ut frå omsynet til ei forsvarleg økonomiforvaltning og omsynet til å kunne dekkja løpande betalingsplikter. Finansforvaltninga skal skje slik at omsynet til balanse mellom avkastning, risiko og likviditet vert ivaretatt.

Forvaltning av ledig likviditet, gjeldsportefølje og/eller langsiktige finansielle aktiva kan setjast bort til ekstern forvaltar med konsesjon frå Finanstilsynet eller tilsvarande med mynde i EØS-området. Forvaltninga skal skje i henhald til Voss herad sitt finansreglement.

Voss herad kan ikkje pådra seg finansiell risiko utover den ramma som er gitt i dette reglementet.

Reglementet omfattar ikkje forvaltning av pensjonsmidlar, som er regulert i eige regelverk, eller eige av aksjar eller delar i selskap når eigarskapen ikkje er rekna for forvaltning av ledig likviditet (t.d. eigarskap som er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert).

1.6 Definisjonar

Definisjonar av ord og uttrykk som er nytta i reglementet er forklart i eige vedlegg.

1.7 Ethiske retningslinjer

Voss herad sin investeringsstrategi skal gjera at kommunen unngår investeringar som inneber ein risiko for å medverke til uetiske handlingar som krenking av menneskerettar og arbeidstakarrettar, korrupsjon og miljøødelegging – i samsvar med Global Compact FN's PRI (Principles for responsible investments).

Voss herad skal ikkje gjera eigne analysar for å sikra at kriteria i FN si PRI er fylgt, men støttar seg til tilgjengeleg dokumentasjon frå anerkjende nasjonale og internasjonale analysemiljø. Dei etiske retningslinjene til Statens Pensjonsfond Utland skal vera retningsgjevande for kommunen si finansforvaltning. Kommunen skal også følge vurderingar frå Finansdepartementet med omsyn til å ekskludere selskap frå Statens Pensjonsfond Utland.

1.8 Ansvar og mynde

Heradsstyret har det overordna ansvaret for kommunen si finans- og gjeldsforvaltning. Rådmannen er ansvarleg for at forvaltninga skjer på ein forsvarleg måte og i tråd med dette reglementet.

2 Risiko

2.1 Finansiell risiko og risikovurdering

Kommunen er utsett for finansiell risiko ved plassering av midlar og lån av midlar. Finansiell risiko er den usikkerheita som finst om utviklinga på verdien av plasseringa eller forpliktinga framover. Voss herad skal forvalta gjeld og finansar slik at kommunen ikkje vert påført vesentleg finansiell risiko.

2.2 Definisjon finansiell risiko

Før kommunen gjer plasseringar eller tar opp gjeld, skal risiko med dette vera analysert og definert. Det finst ulike typar finansiell risiko:

Kredittrisiko

Risiko for at ein motpart i ein kontrakt ikkje betalar tilbake sine plikter.

Marknadsrisiko

Risiko for tap som følgje av endringar i prisar eller kurssvingingar i marknaden (systematisk risiko).

Renterisiko

Risiko for at kursen på eit verdipapir/verdien av eit lån endrar seg når renta enten stig eller går ned.

Refinansieringsrisiko

Risiko for at eit lån ikkje lar seg refinansiera ved forfall. Særleg aktuelt ved sertifikat-/obligasjonslån.

Likviditetsrisiko

Risiko for at eit verdipapir ikkje kan seljast og dermed ikkje kan gjerast disponible i løpet av ein rimeleg tidsperiode.

Valutarisiko

Risiko for tap på plasseringar og lån som følgje av endringar i valutakursen.

Selskapsrisiko

Risiko for tap knytt til eitt enkelt selskap, ikkje marknaden generelt (usystematisk risiko).

2.2.1 Spreiing av risiko/risikoprofil/reduksjon av risiko

Kommunen skal redusera den finansielle risiko gjennom å fordela plasseringane og lån på fleire aktivaklassar, debitorgrupper og utstederar. Dette vil gi ei meir stabil og føreseieleg avkastning og kostnader over tid.

2.2.2 Internkontroll

Rådmannen skal sørge for at Voss herad har nødvendig kunnskap og rutinar om finansforvaltning slik at den vert utøvd i tråd med reglementet, lovar og forskrifter.

3 Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål

3.1 Definisjon

Kommunen sin kortsiktige likviditet er definert som midlar tilgjengelege for å dekkja betalingsplikter ved forfall.

3.2 Rammer

Kommunen skal inngå rammeavtale med ein bank for å ivareta behovet for banktenester. Denne banken vert kommunen sin hovudbank, og skal ha ei offisiell rating eller rating frå minst to meklarhus, som tilsvarar A- eller betre.

Ved plassering av kortsiktige midlar, er det ein føresetnad at det ligg til grunn ein likviditetsprognose. Denne skal sørge for at kommunen til ei kvar tid har nok likviditet til å dekkja betalingspliktene, og plassering av midlar skal berre skje dersom prognosen tillèt det, og dersom tilfredsstillande avkastning vert oppnådd. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål skal vera forvalta med låg finansiell risiko og høg likviditet. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

3.3 Målsetting

Forvaltninga av kommunen sine kortsiktige midlar skal fyrst og fremst sikra at kommunen har tilstrekkeleg likviditet til å dekkja sine løpande betalingsplikter, sekundært gje høgast mogeleg avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko. Forvaltning av ledig likviditet bør over tid gje ein meiravkastning på 0,6 % målt mot 3 mnd NIBOR.

3.4 Porteføljesamansetning

3.4.1 Driftslikviditet

Driftslikviditet, som skal dekke kortsiktige betalingsplikter, skal som hovudregel vera plassert på bankkonto i kommunen sin hovudbank. Kommunen skal til ei kvar tid ha tilgjengeleg driftslikviditet inkludert eventuelle trekkrettar som minst er like stor som forventa likviditetsbehov i dei neste 45 dagane. Likviditet utover driftslikviditet utgjør overskotslikviditet. Refinansiering av lån er ikkje omfatta av likviditetskravet.

3.4.2 Overskotslikviditet

Kommunen sin overskotslikviditet skal, der det er mogleg, plasserast med betre rentevilkår enn ved ordinært bankinnskot. I tillegg til å kunna plassera desse midlane på bankkonto, kan dei også plasserast i rentebærande verdipapir og på rentefond.

Overskotslikviditet kan plasserast slik:

Aktivklasse	Rammer
Bankinnskot	Inntil 100 % av ledig likviditet
Pengemarknadsfond	Inntil 100 % av ledig likviditet
Obligasjonsfond	Inntil 25 % av ledig likviditet
Rentebærande verdipapir	Inntil 25 % av ledig likviditet

Ved plassering i obligasjonsfond eller rentebærande papir skal det gjerast løpande vurdering av likviditetsbehov med tanke på kor mykje som kan plasserast.

- Bankinnskot
 - Det kan plasserast midlar i norske - og utanlandske finansinstitusjonar etablert i Noreg med kreditt-rating på BBB- eller betre, og som har ein forvaltningskapital på minimum 2 milliardar norske kroner. Samla innskot skal ikkje overstige 2 % av institusjonens forvaltningskapital.
- Pengemarknadsfond
 - Det kan berre plasserast midlar i pengemarknadsfond som er klassifisert som «Pengemarknadsfond» etter bransjestandarden til Verdipapirfondenes foreining. Voss herad sin eigarandel i eit pengemarknadsfond skal ikkje overstige 10 % av fondet sin forvaltningskapital.
- Obligasjonsfond
 - Det kan berre plasserast midlar i obligasjonsfond som er klassifisert som «Obligasjonsfond» etter bransjestandarden til Verdipapirfondenes foreining. Voss herad sin eigarandel i eit obligasjonsfond skal ikkje overstige 10 % av fondet sin forvaltningskapital.
- Rentebærande verdipapir
 - Norske obligasjonar med førerrett, obligasjonar/sertifikat utferda av statsføretak, fylkeskommunar og kommunar, kraftverk med garanti frå kommune/ fylkeskommune, bankar, forsikringsselskap og kredittføretak. Risiko i rentebærande verdipapir er avgrensast ved at utstedar skal ha ei BIS-vekt (kredittvekt) på maksimum 20 %.

4 Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva

4.1 Definisjon

Langsiktige finansielle aktiva er midlar som ikkje kan reknast som ledige likvidar og midlar til driftsføremål, og som ut frå kommunen sin økonomiske situasjon kan reknast som forsvarleg å forvalta med ein lang tidshorisont på minimum 5 år. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning. Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva må vera skilt frå forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål.

Ansvarleg lån som kommunen har til 100 % sjølvgeigde aksjeselskap er ikkje omfatta av avgrensingar i finansreglementet.

4.2 Målsetting

Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ei langsiktig avkastning som kjem dagens og framtidige innbyggjarar til gode. Mål om ein årleg gjennomsnittleg avkastning på minimum 3 prosentpoeng høgare enn 3 månader NIBOR.

Voss herad skal driva ein meir miljø- og klimavennleg finansforvaltning ved plassering av langsiktige finansielle aktiva, under føresetnad at dette ikkje aukar risiko eller svekkar avkastning.

4.3 Porteføljesamansetning

4.3.1 Plassering

Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal setjast saman i delporteføljor som fylgjer av matrisa under. Kvar einskild delportefølje inneheld ulike aktiva med relativt lik risiko, og med tilhøyrande avgrensingar i forhold til plasseringar. Dei ulike delporteføljene vert vidare satt saman i ein heilskapleg investeringsstrategi under punkt 4.4.

Del-portefølje	Aktiva	Maksimal plassering per debitor/fond/enkeltpapir
A	Bankinnskot (vanleg bankkonto, tidsinnskot og konti med varslingsfrist for uttak). Minimum rating på BBB- og forvaltningskapital på minimum 5 milliardar kroner.	Maksimalt 2 % av forvaltningskapital
B	Norske sertifikat og obligasjonar innan fylgjande sektorar: <ul style="list-style-type: none">• Stat og føretak med statsgaranti	70 %
	<ul style="list-style-type: none">• Statsføretak• Kommune og fylkeskommune• Bank, forsikringsselskap og kredittføretak (inklusive obligasjonar med fortrinnsrett (OMF))	10 %
	Pengemarknadsfond, obligasjonsfond og norske og globale plasseringar i delportefølje B skal minimum 90 % av plasseringane i fondet ha ein rating på minimum BBB-	15 %
C	Kombinasjonsfond (investerer i både renteberande verdipapir og aksjar)	5%
D	Aksjefond Bransjefond eller grønne fond Enkeltaksjar eller eigenkapitalbevis forvalta i brei portefølje	15% 5% Maksimalt 2 % av total marknadsverdi for kvart aksjeselskap/bank

4.4 Investeringsstrategi

Voss herad skal ha ei velbalansert portefølje som fungerer optimalt under skiftande økonomiske forhold. Balanseringa av totalportefølja vert gjort ved å setta saman dei ulike delporteføljene frå pkt 4.3.1. Strategien gjev normalposisjon (nøytral) for dei tillatte aktivaklassane med tilhøyrande minimums- og maksimumsandelar (for total portefølje). Totalt skal 40 % av totalportefølja vera satt saman av delportefølje A og B (beståande av aktiva med låg risiko), medan 60 % av totalportefølja vera satt saman av delportefølje C og D (beståande av aktiva med høgare risiko).

Midlane skal plasserast etter fylgjande strategi:

Delportefølje	Minimum	Nøytral	Maksimum
A	0 %	5 %	100 %
B	0 %	35 %	70 %
Sum delportefølje A og B		40 %	
C	0 %	10 %	30 %
D	0 %	50 %	75 %
Sum delportefølje C og D		60 %	
Totalt		100 %	

Fonda skal vera underlagt tilsyn av Finanstilsynet eller tilsvarende mynde for utanlandske fond. Fonda skal ha låg til moderat kredittisiko og god spreing når det gjeld utstedarar og talet på verdipapir. Fonda skal ikkje ha avgrensing i uttaksrett og plasserte midlar skal kunne realiserast, og midlane vera tilgjengeleg for kommunen i løpet av 5 arbeidsdagar. Utanlandske obligasjonsfond skal valutasikrast.

Ved sal av eignelutar vert det frigjort kapital til langsiktig forvaltning av formue. Ved sal av eigedomar der bruken av midlar ikkje er bestemt eller ligg langt fram i tid, kan aktiva plasserast langsiktig. Føremålet skal vera å få høgare avkastning enn bankinnskott utan at risikoen er for høg.

4.5 Forvaltning av Granvin bygdeutviklingsfond:

Midlar som utgjer Granvin bygdeutviklingsfond skal forvaltast etter eigen modell, og ikkje inngå i heradet sin samla investeringsstrategi for plassering av langsiktige finansielle aktiva. Avgrensingar etter punkt 4.3.1. skal også vera gjeldande for plasseringar av midlane til Granvin Bygdeutviklingsfond, men midlane skal plasserast etter fylgjande strategi:

Delportefølje	Minimum	Nøytral	Maksimum
A	0 %	5 %	100 %
B	0 %	0 %	0 %
Sum delportefølje A og B		5 %	
C	0 %	15 %	30 %
D	0 %	80 %	95 %
Sum delportefølje C og D		95 %	
Totalt		100 %	

Midlar som ikkje er plassert skal stå på eigen bankkonto.

5 Forvaltning av kommunen si gjeld og andre finansieringsavtalar

5.1 Definisjon

Gjeld og andre finansieringsavtalar omfattar mellom anna lån som er tatt opp for å finansiera kommunen sine egne, eller andre sine investeringar, lån for vidare utlån (startlån), eventuelle refinansieringar og finansiell leasing.

5.2 Rammer

Vilkåra som kommunen må legge til grunn ved låneopptak er regulert i kommunelova §14-14. Låneopptak skal vere i samsvar med heradsstyret sitt vedtekne investeringsbudsjett, og kommunen sitt likviditetsbehov. Forventningar om renteendringar og rentenivå skal også tas med i vurderinga ved opptak av nye lån. Gjeldsportefølja skal vera i tråd med ei kvar tid gjeldande lovar, reglar og forskrifter.

Heradsstyret vedtar storleiken for opptak av nye lån i budsjettåret i samband med budsjettvedtaket.

Opptak av nye lån skal elles skje i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar (lov og forskrift). Det skal innhentast tilbud frå meir enn ein låneinstitusjon, og der desse er venta å vera konkurransedyktige.

5.3 Målsetting

Voss herad skal forvalta låneportefølja på ein slik måte at finanskostnadane blir så låge som mogleg, samtidig som det vert tatt omsyn til å ha føreseielege utgifter og akseptabelt nivå for risiko.

5.4 Porteføljesamansetning

Låneportefølja skal bestå av færrest mogleg lån, men likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa. Låneportefølja skal bestå av lån i fleire låneinstitusjonar slik at kommunen har tilgang på finansiering frå fleire plassar. Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Låna kan fylgja fast amortisering, ha opne seriar (rammelån), eller vera utan avdrag (bulletlån). Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing, og det er høve til å leggje ut lån på sertifikat- og obligasjonsmarknaden.

Kommunen kan ta opp forskjellige typer lån:

- lån med PT-rente (renta fylgjer utviklinga i dei korte pengemarknadsrentene)
- lån med rente knytt til NIBOR +/- påslag
- lån med fast rente
- lån med kombinasjonsrente
- bulletlån
- obligasjonslån
- sertifikatlån

5.5 Rentebinding

Styring av låneportefølja skal skje ved å optimalisera låneopptak og rentebindingsperiode. Dette skal gjerast i høve til vurderingar om framtidig renteutvikling og innanfor eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ynskje om føreseielege og stabile lånekostnadar.

Av brutto låneportefølje, skal minimum 33% ha flytande renter (gjenstående rentebinding under 1 år), og minimum 33% skal ha fast rente (rentebinding over 1 år). Resten vurderast ut i frå at kommunen i utgangspunktet skal vera rentenøytral.

Kommunen skal inngå rentebinding med jamne mellomrom, og tidspunktet for renteregulering skal spreiaast. Samla gjeldsportefølje bør ha ei gjennomsnittleg renteløpetid på mellom 0,5-3 år.

Det er mogleg å ta i bruk rentebytteavtalar (SWAP), og framtidige renteavtalar (FRA), for å oppnå ynskja rentebinding. Ei totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt må tilseie at ei slik endring er ønskjeleg før kommunen tar i bruk slike avtalar.

5.6 Storleik på enkeltlån og refinansieringsrisiko

Eitt enkelt lån skal ikkje utgjera meir enn 25% av det samla brutto gjeldsportefølja. Gjennomsnittleg vekta løpetid på låna (tid til forfall) bør vera over 1 år for å redusera refinansieringsrisiko.

Maksimalt 70 % av total gjeldsportefølje kan forfalle innan neste 12 månaders periode.

6 Rapportering

6.1 Omfang

Rådmannen skal gjennom året leggja fram rapportar for heradsstyret som visar status for kommunen si finansforvaltning per tertial. I tillegg skal rådmannen i samband med årsmeldinga leggja fram ein rapport som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane skal innehalda minimumskrav i følgje Kommuneleva og Forskrifta, og skal blant anna innehalde:

- Vurdering av kommunen sin finansielle risiko og eventuell endring av denne
- Oversikt over korleis aktiva og passiva er forvalta og verdien på desse
- Avkastning og relevante nøkkeltal
- Skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammane i finansreglementet

6.2 Stresstest

Kommunen skal ved kvar rapportering gjera ein stresstest som visar kommunen si samla risiko ved endringar i rente og verdiendring på fond. Dersom rådmannen si vurdering er at det potensielle tapet er for stort i høve til heradet si risikoberande evne, skal rådmannen leggja fram forslag til endring i reglementet og samansetninga av den risikoberande porteføljen. Berekna tap skal ikkje vera større enn kommunen sitt disposisjonsfond.

7 Avvik

Dersom det vert avdekkja avvik frå finansreglementet, skal det iverksettast nødvendige tiltak. Eventuelle avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet, samt handtering av avvika, skal opplysast i tertialrapport. Dersom det er naudsynt å unngå vesentleg finansiell risiko, blant anna for å sikra at løpande betalingsplikter vert innfridd, skal heradsstyret sjølv endra finansreglementet. Kommuneleva § 14-13, 2. ledd.

8 Fullmakt og delegering

Heradsstyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga. Rådmannen skal med heimel i dette finans- og gjeldsforvaltningsreglement, utarbeida nødvendige fullmakter, instruksar og rutinar for dei enkelte forvaltningsformar. Det kan hentast ekstern bistand dersom rådmannen vurderer dette som nødvendig. Innanfor dei retningslinjene som følgjer av dette reglementet vert rådmannen gitt følgjande fullmakter:

8.1 Låneopptak og forvaltning av låneportefølje

- Gjennomføra låneopptak etter lovleg vedtak i heradsstyret
- Gjennomføra refinansiering av eksisterande lån
- Inngå avtale om rentebinding i samsvar med reglementet
- Godkjenna låneinstitusjon og rentevilkår, og skriva under på lånepapir
- Godkjenna rentebyteavtale og framtidige renteavtalar
- Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om trekkrettar på inntil 50 mill.kr.

8.2 Plassering av ledig likviditet

- Velgja finansinstitusjon
- Inngå avtale om kjøp og sal av verdipapir
- Velgja plasseringar og vilkår for plasseringar

8.3 Plassering av langsiktig finansiell aktiva

- Velgja finansinstitusjon
- Inngå avtale om kjøp og sal av verdipapir
- Velgja plasseringar og vilkår for plasseringar

Vedlegg: Definisjonar, finansielle ord og uttrykk

Aksjefond	Verdipapirfond som normalt skal investera minst 80 % av fondet si forvaltningskapital i aksjar (eller andre eigenkapitalinstrument) og som normalt ikkje skal investera i renteberande papir.
Aktiva	Aktiva eller eigendel er eit økonomisk omgrep som omfattar elementa på eigarsida i ein balanse
Ansvarleg lån	Ein spesiell type lånekapital som er ein mellom ting mellom gjeld og eigenkapital. Lånet har prioritet etter øvrig lånekapital, men føre aksjekapitalen.
BIS-vekt	Bank of international settlements (BIS) har satt opp retningsliner for korleis ein skal risikovekta ein låntakar. Skalaen går frå 0 til 1, kor 0 er lågast. Staten er vekta 0, medan kommunar og bankar er vekta 0,2. Industriselskap er vekta 1. Vektinga inneber at ein kan låna ut 5 gonger så mykje pengar til ein kommune som til industriselskap for å oppnå same kredittrisiko.
Durasjon	Varigheit. Durasjon er gjennomsnittleg gjenverande løpetid på kontantstraumen til renteberande papir. Modifiser durasjon er utrekna på grunnlag av durasjon og uttrykker verdifølsemd i forhold til underliggande renteendringar
Finansiell risiko	Finansiell risiko er usikkerheit om den framtidige verdien av plasseringa eller forpliktinga i forhold til verden på plasseringstidspunktet eller tidspunktet for avtaleinngåinga.
Forvaltningskapital	Den samla kapitalen (summen av gjeld og eigenkapital) i ein bank eller i ein anna finansinstitusjon
FRA	Framtidig renteavtale. Ein gjensidig bindande av tale om ei framtidig rente i ein gitt periode og for eit bestemt beløp
Kredittrating	Internasjonal kredittvurdering. Beste karakter vert kalla AAA, medan dårlegaste karakter er CCC eller D.
Kredittrisiko	Risikoen for at ein låntakar eller utstedar av eit verdipapir ikkje overheld sine plikter (rente og avdrag).
Likviditetsrisiko	Usikkerheit knytt til å få omsett eit verdipapir.
Marknadsrisiko	Risiko for tap som fylgje av endringar i prisar eller kurssvingingar i marknaden. Ofte omtalt som systematisk risiko.
NIBOR	Norwegian Inter Bank Offered Rate. Dette er den renta som norske bankar betaler når dei låner pengar seg i mellom. Renta er ofta nytta som referanserente i forhold til rentebærande papir. NIBOR finst som 1 – 12 månaders renter, men det meste vanlege er å nytta 3 månadar som referanserente. Link

Obligasjon	Ein obligasjon er kort fortalt eit bevis på at du har lånt bort pengar. Ein obligasjon er soleis eit verdipapir som kan omsetjast.
Obligasjonsfond	Eit rentefond som skal plassera midlane i langsiktige renteberande papir.
Passiva	Passiva er eit økonomisk omgrep som omfattar elementa på finanssida av balansen, altså gjeld og eigenkapital.
Pengemarknadsfond	Eit rentefond som berre kan investera i renteberande papir med kortare vekta løpetid enn 12 månader.
Portefølje	Samansetning av ulike verdipapirer, eksempel lån og aksjer
Rating	Rating betyr rangering og vert nytta om karaktergivinga av kredittkvaliteten på eit gjeldsinstrument. Internasjonalt er det egne ratingbyrå som gjennom grundige analysar utarbeider ratingar. Dei mest kjende ratingbyrå er Standard & Poor's og Moody's. I Noreg lagar enkelte bankar og meklarhus sine egne lokale ratingar.
Referanseindeks	Det valde samanlikningsgrunnlaget for ei portefølje av verdipapir med tanke på avkastning og risiko.
Refinansieringsrisiko	Risikoen for ikkje å få tatt opp nye lån når de gamle forfell til innfriing. Omgrepet vert også nytta om risikoen til å måtte ta opp nye lån til ei mykje høgare rente. Refinansieringsrisikoen til ein kommune vert rekna som svært liten.
Rentebyteavtale	Ofte omtalt som renteswap. Avtale mellom to artar om å byte framtidige rentebetalingar knytt til ein bestemt hovudstol. Ein slik avtale gjer det mogleg å skilje valet om rentebinding frå valet av låneinstrument.
Rentefond	Rentefond er fond som plasserer pengane i rentepapir som obligasjonar og sertifikat. At eit fond investerer i renter vil seie at det eigentleg investerer i lånepapir. Eksempel på rentefond er pengemarknadsfond og obligasjonsfond.
Renterisiko	Risiko for eit potensielt tap i form av redusert marknadsverdi som fylgje av fluktusjonar i renta.
Sertifikater	Lån med fast rente og løpetid kortare enn 12 månader. Fungerer i praksis på same måte som ein obligasjon, men er underlagt eit anna regelverk.
Tidsinnskot	Eit innskot i bank kor innskotet er bunde for eit bestemt periode
Valutarisiko	Risiko for eit potensielt tap i form av redusert marknadsverdi som fylgje av fluktusjonar i valutakursen